

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Bremanger kommune

Utval: Kontrollutvalet - Bremanger kommune
Møtedato: 29.05.2012
Møtetid: 09.00
Stad: Formannskapsalen
Møtenr.: 03/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Revisor (sak 13-17/12) og Rådmann (sak 13-18/12).
-andre:
Melding til: Ordførar(møte- og talerett), revisor(møte- og talerett) og vararepresentantar
(Vararepresentantar møter berre etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller 57 72 22 90 eller på e-postadresse: post@sekom.no


SAKLISTE

Sak 011/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 012/12 Skriv og meldingar.
Sak 013/12 Årsrekneskapen 2011 – Bremanger kommune.
Sak 014/12 Årsrekneskapen 2011 – Frøysjøterminalen KF
Sak 015/12 Årsrekneskapen 2011 – Bremanger Hamn og næring KF.
Sak 016/12 Årsrekneskapen 2011 – Svelgen Idrettshus.
Sak 017/12 Årsrekneskapen 2011 – Bremangerhallen.
Sak 018/12 Orientering pleie- og omsorgstenesta.
Sak 019/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – merknader – Bremanger.

Svelgen 21.05.2012

for kontrollutvalet i Bremanger

Harry Gulestøl (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

011/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.05.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2012	011/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

012/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 16.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2012	012/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 11-12 Brev m/vedlegg frå Bremanger kommune til kontrollutvalet om Rapport frå tilsyn, datert 21.03.12 **Ikkje offentleg.**
- SM 12-12 Brev frå KRYSS-revisjon til kontrollutvalet om krav om innsyn og oversending av dokument, datert 07.03.12. **Ikkje offentleg.**
- SM 13-12 Brev frå kontrollutvalet til KRYSS-revisjon om krav om innsyn i og oversending av saksdokument – sakene 08/12 27.02.2012 og 10/12 01.03.12, datert 12.03.12. **Ikkje offentleg.**
- SM 14-12 Kopi av brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune om krav om innsyn i k-sak 020/12, datert 19.03.12
- SM 15-12 Kopi av brev frå Bremanger kommune til KRYSS revisjon om krav om innsyn i K-sak 020/12, datert 19.03.12. (Vedlegg ikkje vedlagt).
- SM 16-12 Kopi av brev frå KRYSS revisjon til Bremanger kommune om revisor sitt virke overfor Bremanger kommune, datert 19.03.12.
- SM 17-12 E-post frå Firdaposten til Sekom sekretariat om innsyn i dokument i kontrollutvalet i Bremanger, datert 30.03.12.
- SM 18-12 Brev frå Sekom sekretariat til KRYSS revisjon om krav om innsyn i dokument, datert 30.03.12.
- SM 19-12 Brev frå KRYSS revisjon til Sekom sekretariat om krav om innsyn i dokument, datert 23.04.12.
- SM 20-12 Revisjonsuttale – Rapportering middelbruk tilskotsmidlar rusarbeid, datert 28.03.12.
- SM 21-12 Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Bremanger.
- SM 22-12 Rapportering tal på personar med psykisk utviklingshemming i Bremanger kommune, datert 10.04.2012.
- SM 23-12 Revisjonsuttale – Rapportering middelbruk tilskotsmidlar rusarbeid, datert 28.03.12.
- SM 24-12 Vedtak kst sak 017/12 Kontrollutvalet – årsmelding 2011.
- SM 25/12 Vedtak kst sak 014/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- SM 26-12 Vedtak kst sak 020/12 Saker som kjem til i møtet.
- SM 27-12 Vedtak kst sak 022/12 Eigenvurdering av uavhengigheit – oppdragsansvarleg revisor.
- SM 28-12 Revisjonsmelding Bremanger kyrkjelege fellesråd 2011, datert 14.05.12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 14-12

Bremanger kommune
Rådmannen
6723 SVELGEN

Dykkar ref.:
K-sak 020/2012, 15/3-12

Vår ref.:
F:\bremanger\revisor190312/

Arkivkode:
216

Journalnr.:
016 / 2012

Dokumentdato:
19. mars 2012

KRAV OM INNSYN I K-SAK 020/12

KRYSS Revisjon er svært overraska over det vedtak som Bremanger Kommunestyre har gjort i K-sak 020/12. Vi stiller oss sterkt undrande til den måten vedtaket er blitt til på, og kva som er årsaka til at kommunen har valgt å seie opp sitt eigarskap og si deltaking i eit mangeårig interkommunalt samarbeid kring den offentlege revisjonsordninga si.

Som part i saka vil KRYSS Revisjon krevje fullt innsyn i alle dokument i saka. Vi tør be om at dette vert oversendt vårt hovudkontor i Førde snarast råd.

Førde den 19.mars 2012

Trygve Jacobsen,
Styreleiar (sign.)

 **KRYSS REVISJON**
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Terje Førde
Dagleg leiar

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren



BREMANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

SM 15-12

Kryss Revisjon
Postboks 487

6801 FØRDE

Vår ref.
12/657-2/K1-/TOM

Dykkar ref.

Dato:
19.03.2012

Vedk. krav om innsyn i K-sak 020/12

Eg syner til Dykkar brev datert 19.03.2012.

Saka om oppseiing av revisjonsavtalen kom opp under sak 014/12, "Godkjenning av innkalling og sakliste" (vedlegg1) med henvisning til orienteringssak nr. 4 under sak 015/12, "Eigenvurdering av uavhengigheit oppdragsansvarleg revisor" (vedlegg 2).


Det vart vedteke å ta saka opp til handsaming under sak 020/12 "Saker som kjem til i møtet". Saka vart lukka med henvisning til §31, 3 i kommuneloven.

Dokumenta som låg føre i saka var brev datert 01.03.12 frå SEKOM-sekretariat "Sak til orientering til kommunestyret – eigenvurdering av uavhengigheit oppdragsansvarleg revisor" (vedlegg 3) og brev datert 07.02.2012 frå Kryssrevisjon til Kontrollutvalet i Bremanger kommune "Vurdering av uavhengigheit i Bremanger kommune" (vedlegg 4).

På bakgrunn av debatten under saka i møtet vart det fatta vedtak i saka, jf. vedlagde møtebok (vedlegg 5).

Det vart ikkje førelagd kommunestyret andre dokument i saka.

Med helsing


Tom Joensen
rådmann

Kopi:
Kontrollutval
Ordførar

Vedlegg.

Kontoradresse: Rådhuset	Postadresse: Postboks 104	Telefon / telefaks:	E-post / web: tom.joensen@bremanger.komm une.no	Bankgiro: 3776.07.50035
6721 SVELGEN	6721 SVELGEN	57 79 63 01	www.bremanger.kommune.no	



SM 16-12

Styreløiar
Dagleg leiar/
Revisjonssjef:Trygve Jacobsen, Mobil: 41 53 07 30
Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.noBank:
Org. nr.:3705.08.27845
987 608 064 MVA.Bremanger kommune
Kommunestyret v/Ordførar
6723 SVELGENDyktar ref.:
K-sak 020/2012 AV 15/3-12Vår ref.:
F:\Bremanger\revisorvirke\90312/

Arkivkode: 216

Journalnr.:
017/2012Dokumentdato:
19. mars 2012**REVISOR SITT VIRKE OVERFOR BREMANGER KOMMUNE**

Bremanger kommunestyre har i sak 020/12 sagt opp sitt eigarskap og si deltaking i den interkommunale samarbeidsavtalen og dei vedtekter som er for *Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord*.

KRYSS Revisjon er lite komfortable med måten denne saka er handtert på og måten saka er kome opp på. Det manglar saksutgreiing og begrunnelse for det vedtak som er gjort i Kommunestyret. Revisor kjenner argumentasjonen, det som vart sagt og dokument som er trekt inn i to sakshandsamingar i Kontrollutvalet, høvesvis 27.02. og 01.03.12.

I e-post av 16. d.m. har underteikna sendt svar til kommunen v/økonomisjefen, på førespurnad om særattestasjon, der det er gjeve melding om at revisor er ikkje i stand til å signere noko for kommunen no inntil dei juridiske sidene er klarert.

Ein gjer merksam på dei tunge særattestasjonsoppgåver som ligg til signering frå revisor si hand no med absolutte rapporteringsfristar. Dette er noko som kan få konsekvensar for tilskotsmidlar og refusjonskrav. Vi nemner bl.a. særreporteringane for særleg ressurskrevjande brukarar, stadfesting av tal personar med psykisk utviklingshemming i kommunen, særreport for rus- og psykiatrimidlar, og refusjonskravet for momskompensasjon. Vi skal uansett vere profesjonelle i dette, men må forholde oss til revisjonsstandardene også her.

KRYSS Revisjon reknar med at Kommunestyret i si realitetshandsaming av saka har vurdert risikoen kring det faktum at revisor må legge ned verva sine umiddelbart slik saka er kome opp på og den måten vedtaket er blitt til på.

Førde den 19.mars 2012

Trygve Jacobsen,
Styreløiar (sign.)

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi: Kontrollutvalet
Rådmannen
Økonomisjefen

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Sekom postmottak

SM 17-12 (169-12)

Fra: Anita Ingebrigtsen <Anita.Ingebrigtsen@firdaposten.no>
Sendt: 30. mars 2012 13:35
Til: Sekom postmottak
Kopi: Vee Svend Arne; Solbakken Arve
Emne: Ber om innsyn i dokumenter i kontrollutvalet i Bremanger

Heil

Eg som journalist i Firdaposten, ber om fullt innsyn i all dokumentasjon og epost, som gjelder kontrollutvalet i Bremanger si handsaming av "Egenerklæring av uavhengighet" frå Revisor Terje Førde i Kryssrevisjon.

Dette skal sendes enten på epost til ami@amifoto.no
Eller i posten til:

Firdaposten – Avdeling Svelgen
Att/ Anita M. Ingebrigtsen
Postboks 105
6721 Svelgen

.Mvh,
Anita M. Ingebrigtsen
- Journalist Firdaposten -
Telefon: 48119849

KRYSS revisjon
6800 FØRDE

Førde, 30.03.12

Dykkar ref.: Vår ref: At Jnr.:170-12 Arkiv: Bremanger

KRAV OM INNSYN I DOKUMENT I KONTROLLUTVALET I BREMANGER

Firdaposten har bede om fullt innsyn i all dokumentasjon og epost som gjeld kontrollutvalet i Bremanger si handsaming av «Eigenerklæring av uavhengighet» frå revisor Terje Førde i KRYSS-revisjon.

Vi vurderer det slik at førespurnaden til Firdaposten vert å handsame etter § 13, 3. ledd i offentleglova.

§ 13. Opplysningar som er underlagde teieplikt

Opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov, er unnatekne frå innsyn.


Føresegnene i forvaltningsloven om teieplikt gir sjølvstendige rettssubjekt som er nemnde i § 2 første ledd bokstav c eller d i lova her, høve til å gjere unntak for dokument og opplysningar i same omfang som dei gir forvaltningsorgan det.

Gjeld innsynskravet eit dokument som inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt, og denne plikta fell bort dersom den som har krav på tystnad samtykkjer, skal innsynskravet saman med ei eventuell grunngeving på oppmoding leggast fram for vedkommande med ein høveleg frist til å svare. Svarar vedkommande ikkje, skal dette reknast som nekting av samtykke.

Vi ber etter dette om dykkar skriftlege samtykkje til å sende dokumenta vedrørande saka over til Firdaposten. Dokumenta vil vere dei same som vart sendt KRYSS-revisjon 12.03.2012.

Vi ber om svar innan 25.04.2012.

Med helsing



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SM 19-12

SEKOM-Sekretariat
Postboks 338
6802 FØRDE

Dykkar ref.: Brev300312	Vår ref.: Arb.utv. sak 02/12	Arkivkode: 216	Journalnr.: 034/2012	Dokumentdato: 23. april 2012
----------------------------	---------------------------------	-------------------	-------------------------	---------------------------------

AD. KRAV OM INNSYN I DOKUMENT I KONTROLLUTVALET I BREMANGER

Det vert vist til Dykkar skriv av 30.03.12, sendt KRYSS Revisjon der De ber om eit skriftleg samtykke til å sende dokument vedrørende saka over til Firdaposten.

KRYSS Revisjon, som selskap og avtalepart i eit interkommunalt revisjonssamarbeid, har ikkje innsyn i sakspapirer slik revisjonssjefen har, i kontrollutvalet sine saker. Det same gjeld også leiinga i selskapet SEKOM-Sekretariat. KRYSS Revisjon bad likevel i brev av 07.03.12, som part i saka, innsyn i og oversending av sakspapirene i sak 08/10 og sak 10/12 i Bremanger kommune sitt Kontrollutval. Dette med bakgrunn i at KRYSS Revisjon sine tilsette var diskusjonstema i kontrollutvalsmøta i Bremanger den 27.02. og 01.03.12; - der utanforliggende forhold av privat karakter blei teke inn i sakspapira, og som seinare blei tillagt avgjerande vekt som munna ut i det famøse vedtaket Bremanger Kommunestyret gjorde den 15.03.12. KRYSS Revisjon fekk desse dokumenta oversendt frå SEKOM den 12.03.12, slik det vart bede om. Vi har seinare kravd innsyn i saksdokumenta til K-sak 020/12.

Det er Kontrollutvalet sjølv (og også seinare Kommunestyret sjølv) som har lukka saka og det er Kontrollutvalet sjølv som har halde sakspapirene unna offentlegheita. Det er også Leiaren og Nestleiaren i Kontrollutvalet som faktisk og reelt framførte den agitasjon og omtale mot/av undertekna, som fann stad bak lukka dører i Kommunestyret den 15.03.12, samstundes som delar av innhaldet blei lekka frå lukka møte. Det står Kommunestyret og Kontrollutvalet sjølve ansvarlege for.


Saka har vore til handsaming i ekstraordinært Samstyremøte i KRYSS Revisjon den 26.03.12, og saka og brevet frå SEKOM d. 30.03.12 var til handsaming i vårt Arbeidsutval den 19.04.12. For den delen av saka som gjaldt brevet frå SEKOM, gjorde Arbeidsutvalet følgjande vedtak:

Sitat:

«KRYSS Revisjon som selskap/part i saka avstår frå å svare positivt på brev av 30.03.12 frå SEKOM.»

Sitat slutt.

Med helsing


Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef



Skattedirektoratet

Saksbehandlar
Björg Riple Sandnes

Dykkar dato

Vår dato
20.02.2012

Direkte tlf
55578428

Dykkar referanse

Vår referanse
2011/121618

SM 21-12

Kommunestyret i Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Kontrollrapport 2011 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Bremanger kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søkjer gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen verkar tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.no

Besøksadresse
Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000
Org. nr. : 991733108

Sentralbord
800 80 000
Telefaks
51 91 73 01

2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 30.06.2011 for skatteoppkrevjarkontoret i Bremanger kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK:	Innbetalt av sum krav (i %):	Resultat-krav (i %):	Innbetalt av sum krav (i %) førre år:	Innbetalt av sum krav (i %) regioner:
Restskatt personlege skattytarar 2009:	6,35	87,2	86,0	85,2	92,2
Arbeidsgjevaravgift 2010:	43,42	99,6	99,9	99,9	99,8
Forskottskatt personlege skattytarar 2010:	12,65	97,3	97,4	97,4	97,8
Forskotttrekk 2010:	132,41	100,0	100,0	100,0	99,9

2.2 Arbeidsgjevarkontroll

Resultatet for kommunen per 31.12.2011 viser følgjande¹:

Tal arbeids-gjevarar:	Minste krav 5%:	Tal utførte kontrollar 2011:	Utført kontroll 2011 (i %):	Utført kontroll 2010 (i %):	Utført kontroll 2009 (i %):	Utført kontroll 2011 region (i %):
149	7	1	0,7	5,1 %	5,1	3,8 %

2.3 Bemanning

Tal på årsverk (total) frå skatteoppkrevjar sin årsrapport for dei tre siste åra:

Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010	Tal årsverk 2009
1	1	1

Skatteoppkrevjar skriv i si rapport 2011: ” at skatteoppkrevjarkontoret har 1,2 stilling som skal vera knytt opp mot skatt, men for tida blir dei fleste oppgåver utført av skatteoppkrevjar åleine” .

¹ For 2011 er rapporteringa endra frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning, der det er aktuelt.

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2011 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 15.-16. 09.11.

Skattekontoret har i 2011 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

Rekneskapen for Bremanger kommune viser per 31. desember 2011 ein skatte- og avgiftsinngang² til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 362 234 690 og uteståande restansar³ på kr 7 204 769, av dette krav stilla på vent kr 0,- . Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 18.01.12.

4. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll meiner skattekontoret følgjande:

- **Intern kontroll**

Skattekontoret sine kontrollhandlingar har ikkje avdekka vesentleg veikskap i skatteoppkrevjar sin overordna intern kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskap**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

² Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

³ Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav


- **Arbeidsgjevarkontrollen**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningsliner, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det berre er utført 0,7 % kontrollar mot et krav på 5 %.

5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2011 gjeve pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjar er gjort kjend med i brev av 24.10.2011.

Venleg helsing



Arnljot von Mehren
avdelingsdirektør
Skatt vest



Jan Kåre Strøm
Underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet i Bremanger kommune
- Skatteoppkrevjaren i Bremanger kommune
- Riksrevisjonen

SM 22-12

Helsedirektoratet
Divisjon primærhelsetenester, avd. omsorgstenester
Postboks 7000 St.Olavs plass
0130 OSLO

Dykkar ref.:
Rskr IS-3/2012 av 050112

Vår ref.:
F://Bremanger/tf

Arkivkode:
216

Journalnr.:
028/2012

Dokumentdato:
10. april 2012

RAPPORTERING TAL PÅ PERSONAR MED PSYKISK UTVIKLINGSHEMMING I BREMANGER KOMMUNE PR. 01.01.2012 – REVISJONSUTTALE.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala med Dykk og som er lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med revisjonsstandard "ISRS 4400 – Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å bistå Dykk i vurderinga av riktigheita av om rapporterte tal på personar med psykisk utviklingshemming som er tildelt tenester etter Lov om sosiale tenester §§4-2 eller 4-3 og/eller lov om Helsetenesta i kommunane §1-3, 2.ledd nr. 4 og 6 (heimesjukepleie, sjukeheim og buform med heildøgns omsorg og pleie) er rette.

Vi har kontrollert alle personar med psykisk utviklingshemming i aldersgruppa 34 - 49 år og i tillegg eit tilfeldig utval personar med psykisk utviklingshemming, mot saksmapper i arkivet, og kontrollert om:

- a) det i den einskilde person si saksmappe ligg ved eit dokument som seier at personen er psykisk utviklingshemma, og at det går fram kven som har uttala dette.
- b) den einskilde person er gruppert i rett alderskategori i registeret.
- c) at personar som tek i mot tenester som vert gjeve i og/eller av ein annan kommune ikkje er tekne med i talet. Dersom desse er talde med, skal det ligge føre dokumentasjon på at oppholdskommunen ikkje registrerer vedkommande.
- d) den einskilde person si saksmappe med oppgjeve saksnummer inneheld eit "enkeltvedtak" som gjeld pr. 31.12.2011, og som viser at personen er tildelt tenester etter nemde lover.
- e) den einskilde person er registrert i IPLOS.
- f) personar som dannar grunnlaget for vertskommunetilskot i ein kommune er halde utanfor.
- g) den einskilde person ikkje bur ved ein av Landsbystiftelsen sine institusjonar.

Gjennom vårt arbeid har vi ikkje komme over eller registrert særskilde forhold som det må takast omsyn til. Vårt arbeid har ikkje avdekket vesentlege feil eller avvik.

Sidan dei ovanforståande kontrollhandlingane korkje utgjer revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gjev vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at informasjonen ikkje kan innehalde vesentlege feil. Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller

hadde gjennomført ordinær revisjon eller begrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og vorte rapportert til Dykk.

Vår uttale er utelukkande utarbeidd for det føremålet som er beskrive i første avsnitt, og skal ikkje brukast til noko anna føremål. Uttalen er kun meint å skulle kunne distribuerast til Helsedirektoratet.

Vi har gjeve vår påteikning på rapporteringsskjemaet i dag, 10.04.12.

Florø 10. april 2012

Med helsing
Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Forde



Teyje Førde/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kopi:

Bremanger kommune v/Rådmannen
Bremanger kommune v/Ordføraren
Bremanger kommune, Helse og Omsorg v/Randi Ytrehus
Bremanger kommune, Helse og Omsorg v/Hege Rosvoll
Bremanger kommune v/økonomisjefen
Bremanger kommune v/Kontrollutvalet

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
6863 Leikanger

Kopi: Rådmannen i Bremanger
Økonomisjefen
NAV Bremanger
Kontrollutvalet

Dykkar ref.:
Rekneskap/tilskott 2011

Vår ref.:
F:\Bremanger\Tilskotrus2011\Bre\Tf12

Arkivkode:
216

Journalnr.:
022/2012

Dokumentdato:
28. mars 2012

Revisjonsuttale – Rapportering middelbruk tilskotsmidlar rusarbeid, 1438 Bremanger

Vi har utført revisjonen i henhold til god kommunal revisjonsskikk og avgjev vår uttale i samsvar med revisjonstandard ISA 800 – ”Revisors uttalelser ved revisjonsoppdrag med spesielle formål”, vedteke av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggjande sikkerheit for at:

- prosjektet/tiltaket/aktivetsrapporteringa ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon;
- bruken av prosjektmidlane er i samsvar med opprinneleg budsjett i søknad 31.01.11 og for øvrig i tråd med dei kriteria som går fram av Fylkesmannen sitt tilsagnsbrev av 31.05.2011 (referanse 2010/15131 - 720)
- oppstillinga ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.


Vi har kontrollert

- utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i regnskapsrapporteringa
- vurdering av dei nytta rekneskapsprinsipp og vesentleg rekneskapsestimat, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av rapporteringa
- kontroll av utvalde delar av materialet som underbyggjer overholdelsen i avtalevilkåra om at midlane er brukt i samsvar med opprinneleg budsjett i prosjektsøknaden, og eventuelle beslutningar som kan ha endra budsjettføresetnadene

Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Bremanger kommune har overført kr. 24.038,- frå 2010 og motteke kr. 571.517,- i løpet av 2011. Sum disponible tilskotsmidlar utgjer kr. 595.555,-. Dette er i tråd med tilsagnsbrevet, der det går fram at det er gjeve eit tilskot på kr. 571.517,- til kommunalt rusarbeid i Bremanger kommune over kap 763, post 61, på Statsbudsjettet for 2011. I følgje rekneskapa har kommunen ein total kostnad for 2011 på kr 613 512,-. Ekstra lønskostnader på kr. 69.190,- er bokført utanfor ansvar 3560/teneste 2431, rusarbeid i 2011. Meirkostnaden i 2011 i høve tilskotsmidlar er belasta den kommunale drifta i 2011.

Florø, 28. mars 2012



KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Trine Vokul
Kommunerevisor

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no



Fylkesmannen Sogn og Fjordane
v/Rita Molvær
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Deres ref: molvær

Vår ref: Anita Steinset

Vår dato: 23.01.2012

Rapportering av middelbruk vedr. tilskot KTP 1438 Bremanger 2011

Rapportering - Tilskudd til Tillitspersonforsøket
Statsbudsjettets kap 761 post 63 for 2011

Kommunenavn: 1438 Bremanger kommune

Tildeling av midler i perioden (fyll inn sum i grønn kolonne):

1 Tilskudd overført fra 2010			24038
2 Tilskudd utbetalt 2011			571517
3 Sum disponibelt tilskudd 2011			595555
4 Sum brukt tilskudd 2011			613512
5 Sum overført tilskudd til 2012			0

Ekstra lønn brukt i prosjektet som ligger utenfor lønnskostnader knyttet til ansvar 3560/tjeneste 2431 – Rusarbeid

170 timer à 407,- (alle lønnskostnader inkludert) knyttet til rusprosjektet kommer fra ansvar 3510/tjeneste 2421

69190

Overført midler fra prosjektet 2011 til 2012

0

Med hilsen

Anita Solheim Steinset
Nav Bremanger

NAV Bremanger //
Postadresse: Postboks 54 // 6721 SVELGEN

Besøksadresse: Granden 4 // 6723 Svelgen
Tel: 57 01 59 50 // Faks: 57 01 59 51

www.nav-interim.no // nav.bremanger@nav.no



Fylkesmannen Sogn og Fjordane
v/Rita Molvær
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Deres ref: molvær

Vår ref: Anita Steinset

Vår dato: 23.01.2012

Rapportering av middelbruk vedr. tilskot KTP 1438 Bremanger 2011

Rapportering - Tilskudd til Tillitspersonforsøket
Statsbudsjettets kap 761 post 63 for 2011

Kommunenavn: 1438 Bremanger kommune

Tildeling av midler i perioden (fyll inn sum i grønn kolonne):

1 Tilskudd overført fra 2010			24038
2 Tilskudd utbetalt 2011			571517
3 Sum disponibelt tilskudd 2011			595555
4 Sum brukt tilskudd 2011			613512
5 Sum overført tilskudd til 2012			0

Ekstra lønn brukt i prosjektet som ligger utenfor lønnskostnader knyttet til ansvar 3560/tjeneste 2431 – Rusarbeid

170 timer à 407,- (alle lønnskostnader inkludert) knyttet til rusprosjektet kommer fra ansvar 3510/tjeneste 2421

69190

Overført midler fra prosjektet 2011 til 2012

0

Med hilsen

Anita Solheim Steinset
Nav Bremanger

NAV Bremanger //
Postadresse: Postboks 54 // 6721 SVELGEN

Besøksadresse: Granden 4 // 6723 Svelgen
Tel: 57 01 59 50 // Faks: 57 01 59 51

www.nav-interim.no // nav.bremanger@nav.no

SM 2.4-12



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	15.03.2012	017/12	TOM

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Tom Joensen	K1-	12/544

Kontrollutvalet - Årsmelding 2011

Dokumentliste:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommuneloven
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar

Kva saka gjeld:

Godkjenning av årsmelding 2011 for kontrollutvalet.

Bakgrunn for saka:

I kontrollutvalet sitt møte den 27.02.2011, sak 005/12, vart årsmelding 2011 for kontrollutvalet handsama. Framlegg til årsmelding vart godkjend og send over til kommunestyret med slik tilråding:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Bremanger kommune vert godkjend.

Saksutgreiing:

Årsmeldinga for kontrollutvalet er eit ledd i rapporteringa frå kontrollutvalet til kommunestyret, jf. kommuneloven § 77, pkt. 6.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven om har vore sekretariat for utvalet, oppgåvene til utvalet etter kommuneloven § 77 og forskrifta til denne, omtale av saker som har vore handsama, samt informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Vurdering:

Rådmannen syner til kontrollutvalet si tilråding.

15.03.2012 Kommunestyret

KST-017/12 Vedtak:

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Bremanger kommune vert godkjend slik den ligg føre.

.....

SM 25-12



BREMANGER KOMMUNE
Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	15.03.2012	014/12	HJM

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Hilde Jensen Midtbø	K2-Møtebok	12/495

Godkjenning av innkalling og sakliste

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	5	27.02.2012		Innkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Innkalling og sakliste til møte i kommunestyret den 15.03.2012 til godkjenning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kommunestyret den 15.03.2012 vert godkjende slik dei ligg føre.

.....

15.03.2012 Kommunestyret

KST-014/12 Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjende slik dei låg føre med desse endringane:

1. Leo Cirotzki bad om at orienteringssak 4: Eigenvurdering av uavhengigheit oppdragsansvarleg revisor, vert sett på saklista og ikkje vert handsama som orienteringssak. Saka skal handsamast under sak 020/12. Saka skal handsamast u.off. jamf. §31 i kommunelova.
2. Leni Lisæter ynskjer orientering om utbetring av Kalvåg oppvekst. Saka skal handsamast under sak 020/12.
3. Per-Helge Eikeland ynskjer orientering om bygging av overnatting og ambulansesenter på Rise i Svelgen. Saka skal handsamast under sak 020/12.
4. Åge Senneset ynskjer orientering om trimsenter på Hauge skule i regi av Nye Bremanger. Saka skal handsamast under sak 020/12.
5. Åge Senneset ynskjer orientering om taretråling i Bremanger kommune. Saka skal handsamast under sak 020/12.

.....



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Kommunestyret	15.03.2012	020/12	HJM

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Hilde Jenssen Midtbø	K2-Møtebok	12/496

Saker som kjem til i møte

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	S	27.02.2012		Saker som kjem til i møte

Det kom 5 saker til i møtet som skal handsamast under sak 020/12.

1. Leo Cirotzki bad om at orienteringssak 4: Eigenvurdering av uavhengigheit oppdragsansvarleg revisor, vert sett på saklista og ikkje vert handsama som orienteringssak. Saka skal handsamast under sak 020/12. Saka skal handsamast u.off. jamf. §31 i kommunelova.
2. Leni Lisæter ynskjer orientering om utbetring av Kalvåg oppvekst. Saka skal handsamast under sak 020/12.
3. Per-Helge Eikeland ynskjer orientering om bygging av overnatting og ambulansesenter på Rise i Svelgen. Saka skal handsamast under sak 020/12.
4. Åge Senneset ynskjer orientering om trimsenter på Hauge skule i regi av Nye Bremanger. Saka skal handsamast under sak 020/12.
5. Åge Senneset ynskjer orientering om taretråling i Bremanger kommune. Saka skal handsamast under sak 020/12.

15.03.2012 Kommunestyret

Sak 1. Harry Gulestøl bad om at møtet vart lukka i sak: Eigenvurdering av uavhengigheit oppdragsansvarleg revisor, jamfør §31 i kommunelova. Saka vart lukka.

Framlegg til vedtak :

1. Bremanger kommune seier opp avtalen om det interkommunale samarbeidet om revisjon med Kryss-revisjon jamf. §2 i gjeldande avtale.
2. Forhandlingsutvalet får i oppdrag å forhandle fram ein ordna avvikling av dagens ordning med Kryss-revisjonen.
3. Forhandlingsutvalet får i oppdrag å ta kontakt med, og gå i forhandlingar med aktuelle tilbydarar av/for revisjonstenester.
4. Ferdig forhandla forslag frå forhandlingsutvalet om avtale skal gå til kontrollutvalet som gjev innstilling til kommunestyret i saka.

Det vart røysta for framlegg til vedtak:

17 røysta for framlegget

4 røysta imot framlegget

KST-020/12 Vedtak:

Sak 1.

1. Bremanger kommune seier opp avtalen om det interkommunale samarbeidet om revisjon med Kryss-revisjon jamf. §2 i gjeldande avtale.
2. Forhandlingsutvalet får i oppdrag å forhandle fram ein ordna avvikling av dagens ordning med Kryss-revisjonen.
3. Forhandlingsutvalet får i oppdrag å ta kontakt med, og gå i forhandlingar med aktuelle tilbydarar av/for revisjonstenester.
4. Ferdig forhandla forslag frå forhandlingsutvalet om avtale skal gå til kontrollutvalet som gjev innstilling til kommunestyret i saka.

Sak 2.

Saka vedkomande utbetring av Frøyen oppvekst skal handsamast politisk i neste kommunestyremøte.

Sak 3.

Teke til vitande.

Sak 4.

Teke til vitande.

Sak 5.

Ber om at administrasjonen tek kontakt med fiskeridirektoratet for å få opplysningar/faka i høve løyve eventuell dispensasjonar når det gjeld taretråling i Bremanger kommune.

.....

SM 2.7.12



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	27.03.2012	068/12	TOM
Kommunestyret	27.03.2012	022/12	TOM

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr.:
Saksansv.: Tom Joensen	K1-216	12/657

Eigen vurdering av uavhengighet - oppdragsansvarleg revisor

Dokumentliste:

Nr.	T.	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	19.03.2012	Kryss Revisjon	Krav om innsyn i K-sak 020/12
2	U	19.03.2012	Kryss Revisjon	Vedk. krav om innsyn i K-sak 020/12
3	I	19.03.2012	Kryss Revisjon	Revisor sitt virke overfor Bremanger kommune no
4	U	20.03.2012	Kryss Revisjon	Vedk. brev om revisor sitt virke overfor Bremanger kommune
6	U	23.03.2012	Kryss Revisjon	Erklæring

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- Kommuneloven § 79
- Forskrift om revisjon av 15.06-2004

Kva saka gjeld:

Handsaming av oppdragsansvarleg revisor si eigavurdering av uavhengigheit.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret hadde fekk til møte den 15.03.2012 under orienteringssaker (015/2012) lagt fram skriv datert 01.03.2012 frå kontrollutvalet vedkomande «eigenvurdering av uavhengigheit oppdragsansvarleg revisor». Kontrollutvalet handsama saka i møte 01.03.2012, sak 010/12, og gjorde slikt vedtak i saka:

«Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07.02.2012 til vitande. Dokumentet «Vurdering av uavhengigheit i Bremanger kommune, av 7.02.2012, frå oppdragsansvarleg revisor vert send til kommunestyret til orientering.»

Kommunestyret vedtok å setje saka på sakskartet under sak 020/12 «saker som kjem til i møtet» og saka vart lukka med heimel i § 31.3 i kommunelova.

Det vart deretter fatta slikt vedtak (17 mot 4 røyster):

- 1. Bremanger kommune seier opp avtalen om det interkommunale samarbeidet om revisjon med Kryss-revisjon, jamf. § 2 i gjeldande avtale.*
- 2. Forhandlingsutvalet får i oppdrag å forhandle fram ei ordna avvikling av dagens ordning med Kryss-revisjonen.*
- 3. Forhandlingsutvalet får i oppdrag å ta kontakt med, og gå i forhandlingar med aktuelle tilbydarar av/for revisjonstenester.*
- 4. Ferdig forhandla forslag frå forhandlingsutvalet om avtale skal gå til kontrollutvalet som gjev innstilling til kommunestyret i saka.*

I ettertid syner det seg at vedtaket vil medføre alvorlege konsekvensar for Bremanger kommune, både av økonomisk og praktisk art. Og ordførar og forhandlingsutval ønskjer at saka vert teke opp til ny vurdering.

Sakutgreiing:

Etter kommuneloven § 78 skal kommunen ha ei revisjonsordning og det er kommunestyret sjølv, etter innstilling frå kontrollutvalet som, tek stilling til kva ordning kommunen skal ha:

- 1. Revisjon av kommunal og fylkeskommunal virksomhet skal skje i henhold til god kommunal revisjonsskikk.*
- 2. Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.*
- 3. Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.*

4. Kommunestyret eller fylkestinget velger selv revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.

5. Kommunens eller fylkeskommunens revisor skal rapportere resultatene av sin revisjon og kontroll til kontrollutvalget.

6. Revisor kan hos kommunen eller fylkeskommunen, uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som revisor finner nødvendige for å gjennomføre oppgavene.

7. Med mindre det følger av revisjonens oppgaver etter denne lov eller forskrift gitt i medhold av nr. 8, eller den opplysningene gjelder har samtykket til at taushetsplikten ikke skal gjelde, har revisor plikt til å bevare taushet om det de får kjennskap til i sitt oppdrag for kommunen eller fylkeskommunen.

Etter § 15 i forskrift om revisjon av 15.06.2004 skal oppdragsansvarleg revisor minimum kvart år gje ei skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kommunen sitt kontrollutval. Jf. og § 79 i kommuneloven.

Konsekvensen av vedtaket er at revisjon i brev av 19.03.2012 har gjeve kommunen melding om at revisor ikkje er i stand til å signere noko for kommunen inntil dei juridiske sidene er klarert. Det er og uttrykt at oppseiinga vert vurdert som mistillitsvotum frå kommunestyret.

Det betyr i praksis at kommunen p.t. står utan ein fungerande revisjonsordning.

Vurdering:

Konsekvensane av saka slik den no står er svært alvorleg for Bremanger kommune. Det betyr m.a. at tunge særattestasjonar som ligg klar til signering frå revisor si side og har absolutte rapporteringsfristar ikkje vil bli signert. Dette omfattar m.a. særreportering for særleg ressurskrevjande brukarar. Rapporteringsfrist er 01.04.2012 og refusjonkravet vårt er nærare 11 millionar kroner. Vidare ligg til signering for revisjon stadfesting av tal personar med psykisk utviklingshemming i kommunen, særreport for rus- og psykiatrimidlar og refusjonskrav for momskompensasjon. Rapporteringsfristar er medio april og krav omfattar millionbeløp for kommunen.

Elles står vi no midt oppe i årsavslutninga rekneskapen er oversend revisjon til revidering og rådmann har frist til 31.03. å oversende årsmeldinga. Dersom vi på grunn av situasjonen ikkje får handtert dette på normalt vis, vil vi heller ikkje kunne halde fristene for handsaming av rekneskap og offentlege rapportering, jf. lovkrava.

Eg ser konsekvensane som så alvorlege for kommunen at eg meiner vedtak vedk. revisjonen i sak 020/12 må gjerast om inkje og at oppdragsansvarleg revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit må relitetshandsamast. Vi kan ikkje vere i ein situasjon der vi ikkje har ei fungerande revisjonsordning.

Dersom kommunestyret ønskjer ei vurdering av revisjonsordninga, bør det sendast ei bestilling til administrasjonen om vurdering av alternativ og konsekvensar og at dette vert lagt fram for kontrollutvalet til vidare handsaming. Eit vedtak om ev. oppseiing av avtalen må deretter tilpassast i tid slik at det er mogleg å handtere for begge avtalepartar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vedtak i KST-020/12 vedk. oppseiing av avtalen om det interkommunale samarbeidet om revisjon med Kryss-revisjon vert gjort om inkje.
2. Kommunestyret tek oppdragsansvarleg revisor for Bremanger kommune, si eiga vurdering av uavhengigheit datert 07.02.2012 til vitande.

.....

27.03.2012 Kommunestyret

KST-022/12 Vedtak:

Samrøystes vedtak som framlegget frå rådmannen.

.....

Bremanger Kyrkjelege Fellestråd
v/Kyrkjevevje
6723 Svelgen

Dykkar ref.:
Rekneskap 2011

Vår ref.:
Revberetn/trine/bremanger

Arkivkode:
216

Journalnr.:
42/2012

Dokumentdato:
14.05.2012

REVISJONSMELDING 2011 Bremanger Kyrkjelege Fellestråd 2011

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Bremanger Kyrkjelege Fellestråd, som består av balanse pr. 31.12.2011, driftsrekneskap som viser eit netto driftsresultat (overskot) på kr 59 289,69. Etter ein overføring til Investeringsregskapet er regnskapet gjort opp med eit overskott på kr 51 289,69. I tillegg følgjer investeringsregskapet og økonomiske oversikter for regnskapsåret avslutta pr 31.12.2012, som inneheld ei beskriving av vesentlege regnskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar til rekneskapet.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide og fastsette årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn naudsynt for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå ei betryggande sikkerheit for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneberer utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for foretaket si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av foretaket sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er

hensiktsmessige og om rekneskapestimata utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Bremanger Kyrkjelege Fellesråd pr. 31. desember 2011, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Uttale om andre forhold

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen, lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som er omtala ovanfor, og kontrollhandlingar som vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE)3000 "Attestasjonsoppdrag, som ikkje er revisjon eller forenklet revisjonskontroll av historisk økonomisk informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Bremanger Kyrkjelege Fellesråd sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk.

Florø, 14.05.2012

Terje Førde
Revisjonssjef/Dagl.leiar

**TRINE VOKUHL**
REVISJON
Kommunerevisjonen i
Florø, Bremanger og Sunnfjord
Trine Vokuhl
Kommunerevisor 1

013/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - BREMANGER KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 18.05.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	29.05.2012	013/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- fråsegn frå kontrollutvalet i Bremanger kommune, datert 29.05.2012.
- Rekneskap 2011. (Sendt frå kommunen).
- Årsmelding 2011. (Sendt frå kommunen).

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

